



Formingsaktivitetar i Uskedal barnehage i førjulstida.

Førjulstida er ei hektisk, men også roleg tid i dei to barnehagane i Uskedalen. Ein skal innom mange aktivitetar. Julevandringa i kyrkja er eit fast innslag der borna får julebodskapen fortald og dramatisert i ulike tablå. Borna må sjølve vera med i vandringa som startar på kyrkjetrappa og som endra opp i alterringen saman med Josef, Maria og Jesusbarnet. Les vidare julehelsinga skriven av Ann Irene Sæle.

Førjulstida er ei magisk tid. Dagane blir kortare og mørkare, samstundes som julelysa vert tende i hus, på tun og i stove. Tek du turen innom barnehagen i førjulstida, bør du stoppa opp før du bankar på ei av dørene til avdelingane og går inn. Stå heilt stille og lytt. Sjå deg rundt. La alle inntrykka siga inn. Jula sin magi, med stemning, tradisjon, kultur, varme, glede, samhald, forventning, lyd og lukt vil trulig nå deg, og den gode julekjensla vil spre seg i heile kroppen.



Ei gruppe lagar pepperkaker.

Bankar du på og går inn på ein av avdelingane, vil du sjå barna som leikar, syng julesonga, dramtiserer juleevangeliet, lagar julepynt, blir lest juleforteljingar til, som lyttar til julemusikk, og som bakar julekjes. Ein lun atmosfære vil møta deg. Barneauge som glitrar. Forventning. Rolig og vilter leik. Litt ekstra elektrisitet i lufta.

Jula er spennande. Tradisjonar er viktige, og den spontane julemagien i kvardagen. Visste du at dersom du plantar nonstop i bomul, veks det små sjokkoladenissar opp? Du gjorde ikkje det? Nei, til vanleg vil nok ikkje det gå an, men på Nissefest i barnehagen er det slikt som skjer.

Små og store i Uskedalen barnehage vil ynskja dykk alle ei strålende god jul, fylt med magi, varme, tradisjon og samhald

Tekst/foto Ann Irene Sæle/Kristian Bringedal
Nett: Kristian Bringedal



Pynta juletre er på plass i sauefjøs i Dønhaug gardsbarnehage.